

Årsmelding 2020 for Bunadnemnda i Rogaland ungdomslag



Sjur Førli har gått på begge kursa dette året og sydd mannsbunad til to av sønene sine. I 2021 fortset han med bunad til den tredje sonen. Heimearbeidet gjer han i Nordsjøen.



Hausten 2020 gjennomførte me kursa med munnbind ved all nærkontakt. Slik er koronatida.

Bunadnemnda hadde i 2020 fire medlemmar: Daghild Håvardsholm (leiar), Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt (kasserar) og Ragnhild U. Ødegaard.

Me har hatt 8 styremøte, pluss fleire arbeidsmøte. Dessutan har me hatt eitt møte med styret i RU, og me har delteke på eitt evalueringsmøte for bunadkafeen på museet.

Bunadkafe på MUST Stavanger museum

Nemnda har delteke på 2 bunadkafear i vår, før alt blei koronastengd.

I haust blei det halde 3 stk., men den siste blei avlyst. 5 i alt. Godt frammøte.

Registrering og dokumentasjon



Bunadnemnda har vore på Museum Stavanger og registrert kvinneluer to arbeidsdagar i haust.

Registreringane som Eli Olsen skriv, vil etterkvart følgja draktplagga ut på digitalmuseum.no

Målfrid har halde fram med registrering og digitalisering av det materialet bunadnemnda har.

Ho har og halde fram med å filma på kursa, og med å redigera desse filmene.

Alle kursdeltakarane har akseptert at me kan bruka dette materialet.

Ho har utarbeidd ein rapport om dette arbeidet, som er lagt ved årsmeldinga.

Formidlingsarbeid

Brosjyren om kvinnebunaden blei revidert dette året. Målfrid har hatt møte med Synnøve Jørgensen i RU om å formidla stoff om bunadarbeid på heimesida til RU. Første del av dette stoffet blei publisert i år. Sjå <http://rogaland.ungdomslag.no/bunadarbeid/>

Bunadutstilling 31.01-1.02.2020

Rogalandsbunaden er 100 år i år. I samband med Storkurset i RU, i Siddisstova laga bunadnemnda til ei utstilling som viste utviklinga av Rogalandsbunadane frå dei fyrste i 1920 og fram til i dag. Utstillinga sto oppe fredagen og laurdagen mens kursa pågjekk, og blei teke ned etter festen laurdag kveld.

Kurs i manns- og kvinnebunad

Våren 2020 hadde me kurs med 10 deltakarar, 2 mannsbunad og 8 kvinnebunad. Berre 3 kursdagar blei gjennomførde før alt blei koronastengd.

Hausten 2020 hadde me 2 parallelle kurs med til saman 10 deltakarar, 2 mannsbunad og 8 kvinnebunad. To av deltakarane gjekk berre 2 gongar, for å ta att dei dagane dei mista om våren.

Me følgde strenge smittevernreglar, og undervisninga føregjekk delvis i 2 atskilte rom.

Mannssokken

Mønsteroppskrifta til mannssokken er revidert. Føremålet med revisjonen er å få ei oppskrift som er lettare å lesa. I februar var me på Haugalandmuseet for å samanlikna oppskrifta med sokken som er originalen til mønsteret. Me har samarbeidd med Sissel Moe Lund, som strikker desse sokkane for Nordaker Bunader, og hatt 2 møte med henne i samband med dette.

Konservator Grethe Paulsen Vie følgjer interessert med på arbeidet.



Kvinnelua



Den gamle lua, ST-K00070 til venstre. Lua med Daghild sitt broderi og Målfrid Husebø sin knipling til høgre.

Daghild har kopierte og brodert ei lue på Stavanger museum. Det er ei svart silkelue med silkebroderi, kanta med den perlekniplinga som er brukt på lua til modellbunaden som blei levert til Norsk institutt for bunad og folkeklær i fjor. Ellers arbeider me med å få til ein litt brei strimmel med tyllbroderi, som skal ligge under framkanten av kvinnelua. Litt arbeid står att.

Fagdagen i bunad og folkedrakt 26.10.2020

Bunadnemnda var invitert til å presentere arbeidet med den rekonstruerte kvinnebunaden på Fagdagen i Oslo. Eli, Målfrid og Ragnhild reiste.

Målfrid hadde førebudd og heldt foredraget med Power Point, med korte innslag frå dei to andre, og me fekk gode tilbakemeldingar.

På grunn av koronapandemien var det svært få deltakarar som fekk vera til stades.

Men bladet Husflid vil prøva å komma på besøk til oss neste år for å laga ein reportasje.



Eli, Ragnhild og Målfrid fotograferte av Tora Skavhaug Vik, før presentasjonen.

Prosjektet «Hår og hovudplagg i folkedrakt og bunadbruk, 2019-2021»

Alle møter om dette er avlyst, og utsett til 2021

Materialer til bunadane

Me er utselde for gulstripete og brunstripete stakkestoff, men framtida for bunadproduksjonen er så usikker at me ikkje har fått gjort noko meir med å ta kontakt med aktuelle leverandørar, for evt. ny bestilling av stripestoff.

Planar for 2021

Bunadkurs våren 2021, og evt. også hausten

Delta på bunadkafeen på Stavanger museum

Delta på prosjektet «Hår og hovudplagg i folkedrakt og bunadbruk» i regi av Norsk Folkedraktforum